

# Nybø – Fylkesmannsgard og møteplass



Garden Nybø har vore i offentleg eige sidan 1853. Han har tidlegare vore både sorenskrivargard og fylkesmannsgard. Bygningane har sidan 1970-åra vore i kommunal eige. Bygningen vart ei stund nytta som bustad, men husar i dag Nybø barnehage. Trebygningen i midten mellom riksvegen og barnehagen er Amtskontoret frå om lag 1860. Bygget er i dag Administrasjonsmuseum. Nordre Bergenshus Amt, frå 1919 Sogn og Fjordane fylke, vart eige fylke i 1763. Amtmennene budde i Bergen, på Kaupanger, i Lærdal og Balestrand før amtmannen i 1862 valde å slå seg ned på Leikanger. Sidan har Nybø vore kalla Fylkesmannsgarden. På garden er det fleire verneverdige bygningar, mellom anna Amtskontoret og sjølve hovudhuset, der barnehagen ligg. Strandlinia under Fylkesmannsgarden er offentleg badepllass. Her ligg Fylkesmannsnaustet og det som var badehuset for kvinnene i fylkesmannsgarden. Ved badepllassen står det også ein bautastein. Denne vart funnen i samband med bygging av riksvegen i 1937, saman med gravminne frå eldre jarnalder. Her står det også eit «turkehus» som er flytt hit frå høgdegarden Eggja. «Turken» vart nytta til å tørke kornet før brygging av øl. På oppsida av riksvegen ligg «Gamle Amtmanslunden» eller herre «Lunden». Lunden var tidlegare ein viktig samlingsstad i bygda og fungerte som 1. mai-plass frå kring 1900 til 1973. Det vart også halden ungdomslags- og songarstemne i Lunden med opp til 3.000 deltakarar. Frå 1931 vart Lunden fast 1. mai-plass for arbeidarrøsla i Leikanger. Statsminister Jørgen Løvland og statsrådane Johan Castberg, Olav Meisdalshagen og Kåre Fostervoll var mellom talarane i Lunden. Dei seinare åra er Lunden restaurert noko og området blir brukt til undervisning og som leikeområde for Nybø barnehage.



**NYBØ – COUNTY GOVERNOR FARM**  
The farm Nybø has been publicly owned since 1853. It has previously served both as a magistrate's farm and as a county governor's farm. Since the 1970s, the buildings have been in municipal ownership. For a while, the main building was used as a private dwelling, but currently, it houses Nybø kindergarten. The wooden building between the road and the kindergarten is the county office used around 1860. The building has been converted into an administration museum. Nordre Bergenshus County was made a separate county in 1763. In 1919, the name was changed to Sogn og Fjordane County. The county governors lived in Bergen, Kaupanger, Lærdal, and Balestrand until the county governor decided to settle down in Leikanger. Since then, Nybø has been referred to as "the County Governor's Farm". There are several listed buildings, such as the County Office and the main house, where the kindergarten is. The shoreline below the County Governor's Farm is a public beach. The County Governor's boathouse and what was once the women's bathhouse are found by the fjord. Next to the beach, you will find a stone monument which was discovered together with tombstones from the early Iron Age, when they built the main road in 1937. A drying house called "Turken", has been moved here from the high farm Eggja. The original purpose of the building was to dry the grain before brewing beer. Above the main road lay «Gamle Amtmanslunden (the Old County Governor's grove) or just "Lunden" ("the grove"). In earlier years, Lunden was an important gathering point in the village. This was where the Constitution Day (the 17th of May) was celebrated from around 1900 to 1973. Youth organization and choir conventions also took place at Lunden with more than 3000 participants. From 1931, Lunden was a regular place of gathering for the labour movement in Leikanger on the 1st of May. Prime Minister Jørgen Løvland and the ministers Johan Castberg, Olav Meisdalshagen, and Kåre Fostervoll were among the speakers at Lunden. Recently, Lunden has been restored somewhat, and the area is used for teaching purposes and as a playground for Nybø Kindergarten.